



Framlegg til framdriftsplan

FELLES UTGREIING OM KOMMUNEREFORMA - STATUS

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing som skal gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn

Mandatet for felles utgreiing er politisk vedteke i kommunane og i Sogn regionråd 5.12.2014. Mandatet beskriv kva som skal utgreiast, korleis utgreiinga skal gjennomførast, organisering, økonomi og framdrift.

Fylkesmannen har løyvd kr 1 040 000 av skjønsmidlar til utgreiinga.

Felles utgreiing skal vera eit supplement til kommunane sine prosessar.

Telemarksforskning gjennomfører utgreiinga på oppdrag frå Sogn regionråd. Prosjektleder er Bent A. Brandtzæg.

Prosjektgruppa har gitt Telemarksforskning oppdrag med å utgreia følgjande alternativ:

1. Alle kommunane i Sogn regionråd
2. Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og, Aurland
3. Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster og Lærdal
4. Sogndal, Leikanger og Luster
5. Årdal, Lærdal og Aurland
6. Høyanger og Balestrand

Milepælar

1. juni 2015	Faktautgreiingar frå Telemarksforskning
15. august 2015	Intervju og spørjegransking
15. oktober 2015	Endeleg rapport frå Telemarksforskning
26. november 2015	Vedtak i kommunane om <ol style="list-style-type: none">a) alternativ for kommunesamanslåingb) deltakarar til intensjonsavtalearbeidet
30. oktober 2015	Felles formannskapsdag
Nov 2015- jan 2016	Arbeidsmøte (3-4 møte) om intensjonsavtalar
Feb/Mars 2016	Felles formannskapsdag
Mars 2016	Innbyggjarundersøking
Mars 2016	Kommunestyrehandsaming
16. mai 2016	Frist for ev. folkerøysting
1. juli 2016	Vedtak i kommunestyra

Framdriftsplan

Innan 1. juni 2015 har Telemarksforsking følgjande faktautgreiingar klare:

- Status og utfordringar i kommunane knytt til folketalsutvikling, næringsutvikling, sysselsetting, pendlingsmønster, flytting og flyttefaktorar.
- Status og utfordringar knytt til kommunal økonomi, utgiftsnivå på tenester og administrasjon, framtidige demografikostnader, anslag på framtidige tenesteårsverk, samt status i høve til konsesjonskraft

Innan 18. september skal kommunane drøfta og forankra den vidare prosessen. Kommunane bør koma i gang med samtalar i høve dei ulike alternativa.

Innan 15. oktober skal endeleg rapport frå Telemarksforsking med samandrag vere klar. Den inkluderer i tillegg til statusrapporten frå 1. juni:

- Oversyn over det interkommunale samarbeidet
- Analysar og vurderingar av økonomi, tenesteproduksjon, samfunnsutvikling og demokrati som inkluderer data frå intervju og spørjegransking. Både intervju og spørjegransking vert gjennomført før sommaren
- Forslag til, og grunngjeving for, aktuelle alternativ som det kan vere aktuelt å analysere meir inngåande.
- Det vil bli utarbeidd mal for intensjonsavtalar
- Analysar av økonomiske effektar og potensielle effektiviseringsgevinstar knytt til administrasjon, tenesteproduksjon og økonomi for kvart alternativ
- Ei samla vurdering av føremoner og ulemper med dei ulike alternativa, og ei tilråding i høve til kva alternativ som kjem best ut. Kriteria frå ekspertutvalet vil verte brukt i samband med desse vurderingane
- Som ein del av sluttrapporten vert det også utarbeidd framlegg til intensjonsavtalar. Intensjonsavtalane vil vera grunnlaget som innbyggjarane skal inviterast til å uttale seg om gjennom høyringar, informasjonsmøte og ev. folkeavrøysting.

Elles inngår ei vurdering av kva for effektar ei kommunesamanslåing kan ha for eksisterande og ev. nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane.

Felles formannskapsdag 30. oktober:

Telemarksforsking presenterer rapporten, formannskapa drøftar kommunane si samfunnsutviklarrolle og alternativ for kommunesamanslåing og framlegg til framdriftsplan.

Møte i Sogn regionråd 6. november: Sogn regionråd tek stilling til framdriftsplanen og ev. informasjonsstrategi.

Innan 26. november 2015: Vedtak i kommunane om

- a) alternativ for kommunesamanslåing
- b) deltakarar til arbeidet med intensjonsavtalar (forhandlingsutval/intensjonsavtaleutval)

November 2015 - januar 2016:

- Arbeidsmøte om intensjonsavtaler – 4 møte: aktuelle datoar frå 27. november, medio desember, veke 1 og veke 3.
- Informasjon til innbyggjarane, innhenta informasjon frå innbyggjarane og informasjon frå tilsette
 - Informasjon på dei kommunale nettsidene med lenke til regionrådet si nettside

Februar /mars 2016: Felles formannskapsdag. Tillitsvalde blir inviterte.

Mars 2016: Kommunestyrehandsaming (med ev. felles saksframlegg)

Mars 2016: Innbyggjarundersøking bør gjennomførast felles for kommunane.

Mars 2016: Folkemøte i kommunane før innbyggjarundersøkinga.
Ev. felles informasjonsavis til husstandane.

Mai 2016: Kommunar som vil gjennomføre folkerøysting må gjere det seinast 16. mai 2016.
Kommunar som har vedteke folkerøysting er Balestrand og Høyanger.

Sogndal, 12.10.2015



Mandat

1. Føremål

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing om kommunereforma. Utgreiinga skal gje naudsynt faktagrunnlag og peika på moglege kommunesamanslåingar i Sogn. Kommunar som vil vurdere kommunesamanslåingar som går ut over kommunane i Sogn og kommunar som vil utgreie ut verknader av ikkje å slå seg saman med andre kommunar, gjennomfører dette i eigne prosessar. Utgreiinga skal gje kommunane i Sogn eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn.

2. Kva skal utgreiast

- Lage utfordringsbilete for kommunane i Sogn og for regionen, befolkningsutvikling, behov for arbeidskraft, næringsutvikling, arealbruk og arealbehov
- Kva område framstår som felles bu- og arbeidsområde– pendling
- Kva er den økonomiske situasjonen i kommunane (inntektsnivå, gjeldsnivå, reserver m.v.)
- Kva er status for tenestetytinga i kommunane
- Oversikt over interkommunale samarbeid
- Kva vil verknadene av endring av kommunegrense vera på tenestetilbodet, ei vurdering av kva oppgåver kommunane kan og ønskjer å overta frå fylkeskommune og stat, kommunen som utviklingsaktør (sysselsetting, næringsutvikling, modernisering av offentlig sektor/lokalisering), kommuneøkonomien, lokaldemokratiet, kommunen som arbeidsplass (rekruttering, kompetanse, fagmiljø), busetnad og sysselsetting
- Ulike modellar for politisk organisering.

3. Korleis

Styringsgruppa koordinerer og tek ansvar for felles utgreiing og samansying. Det vert innhenta kompetanse (tenestekjøp ev engasjement) som kan gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa avgjer kven som skal gjennomføre utgreiinga.

Kommunane har ansvar for å levere underlag til felles utgreiing og handsame rapporten frå utgreiinga i eigen kommune.

Felles utgreiing vil vera eit supplement til kommunane sine prosessar. Kommunane må leggja til rette for å skapa lokalt eigarskap. Kvar kommune må ta eit aktivt eigarskap og etablera ein hensiktsmessig organisering. Kvar kommune har ansvar for drøfting blant folkevalde og god dialog med innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde.

4. Styring

Kommunestyra i kvar kommune eig prosessen.

Sogn regionråd er styringsgruppa og leiar prosessen.

Rådmannsgruppa i Sogn er prosjektgruppe og står for gjennomføringa.


Formannskapa i kommunane og tillitsvalde er referansegruppe.

5. Økonomi

Prosessten skal ha eige budsjett. Kommunane søker fylkesmannen om støtte til utgreiing og prosessgjennomføring.

Kvar kommune dekker arbeid og kostnader i eigen kommune eventuelt også reise og opphald. Dette gjeld også tilskot og kostnadar til å høyre innbygarane.

6. Framdrift



Innan 15. nov 2014:

Kommunestyra som ikkje allereie har gjort vedtak i saka tek stilling til om dei ønskjer å gå med i ein utgreiingsprosess i samsvar med dette notatet.

Innan 1. mars 2015:

Administrasjonen i Sogn regionråd i samråd med rådmannsgruppa utarbeider søknad om fornyingsmidlar til fylkesmannen.

Innan 1. april:

Inngår kontrakt med konsulentfirma eller avtale om engasjement om felles utgreiing.

Innan 1. november 2015:

Felles formannsskapsmøte som del av utgreiingsarbeidet.

Innan 1. januar 2016:

Utgreiinga er ferdig. Kommunane tek på dette grunnlaget stilling til trong for innbyggjarmedverknad (høyringar, spørjeundersøkingar, folkeavrøystingar m.v.)

Innan 1. juli 2016:


Kommunestyra vedtek kven dei ev. ønskjer å slå seg saman med. Dette er det endelege vedtaket om samanslåing før det blir sendt vidare til departementet.

7. Vedlegg

Roller og ansvar

Rolle	Organisasjon/Person	Hovudansvarsområde
Oppdragsgjevar	KMD	Premissar
Eigar	Kommunestyra i Sogn	
Deltakarar	Kommunane i Sogn regionråd	Vedtek
Styringsgruppe	Ordførarane i kommunane	Styrer
Prosjektgruppe	Rådmennene i kommunane	Gjennomfører
Prosjektleiar	Innleidd konsulentfirma ev. som engasjement	Greier ut
Referansegruppe	Formannskapa i kommunane, tillitsvalde	Blir høyrte

8. Nasjonal prosess



Vedteke i Sogn regionråd 5.12.2014